

Midtre Haram Storvald

Årsmelding 2014 - 10.driftsår

Femte og siste driftsår for denne perioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Øystein Austnes	Kasserar
Even Otterlei	Sekretær
William Eidsvik	Styremedlem

I året har det vore halde 2 styremøter, eit jegermøte og årsmøte. På grunn av at storvaldet har fått heimeside vart det ikkje avholdt oppsummeringsmøte etter jakta slik det har brukt å vore.

Veret under jakta i 2014 var langt betre enn det som kan kallast normalt. Mange stader er lyng øydelagt av barfrost vinteren 2013-2014.

Frå nokre av jaktfelta vart det meldt om mindre hjort enn det jegerane har vore vande med å sjå, medan andre jaktfelt har motsatt oppfatning.

I 2014 vart det felt 79 hjortar og 4 rådyr i heile Midtre Haram Storvald.

Dette er 13 hjort mindre enn i toppåret 2013, men vi er likevel ikkje langt unna målet på 85 dyr årleg i driftsplanperioden. Vi manglar 12 dyr for å holde det som er satt som mål for 5-års perioden.

Under jakta 2014 hadde vi kun 2 ettersøk etter påskotne hjortar. Ingen av desse dyra vart funnen og det vart konkludert med bomskot. Det er positivt at jegerane oppsøker hjelp når problem oppstår, uansett utfallet til ettersøket. Nytt for året er det også at ettersøksjeger får bruke lys. Ettersøksjegerar var i år, som i fjor, Even Otterlei, Tor Johan Hatlehol og Torbjørn Frostad

Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei to siste driftsperiodane. Ein del av målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.


	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Når ein ser på snittvekt er det viktig å bemerke seg at vi heile tida prøver å luke vekk dei minste og svakaste dyra og la dei beste få stå for reproduksjon. Dette får sjølvstakt innverking på vektene. Ein kan sjå at ein har oppgang på vektene av fjorsdyra i 2014, dette har nok en samanheng med høg snittvekt på kalver i 2013

Tabell for snittvekt:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2013	25,1	40,6	47	52,7	79
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2010	23,3	40,9	46	54,9	70,5
2009	24	40,7	48,9	54,8	83,9
2008	24,3	41	46,3	53,2	83,2
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4

Årlig utviling på vekter:



Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

	Kalv	Kvige%	Kolle	SB	EB%
	%		%	%	
Skote	24	13	24	19	20
Mål	30	15	25	30	

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 3973kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 295200.

Totalt i 10års perioden er det skote 780dyr.

Det er tatt ut ein kalv/ ungdyrprosent på 56, som er omtrent der det har vore dei siste åra.

Største bukken vog 132 kg, minste kalven vog 10 kg.

Kun eit fjorsdyr har vorte klassa ned til kalv i år, sjølv om 3 SB har vore under 43kg grensen.

Fem kalvar har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote.

Under jakta har styret kontrollert 13 felte dyr utan merknad.

Storvaldet har fått heimeside ”www.mihas.no” som har blitt oppdatert nesten daglig gjennom heile jaktperioden. Får inderlig håpe at folk nyttjer seg av denne for det går med mye tid til vedlikehold og oppdateringer. Neste år ønskjer vi enda meir bidrag av bilder, historier etc innsendt fra jegere og grunneigarar. Vi har fått gode tilbakemeldinger på dette, men det er sikkert rom for forbedringer, så styret oppmoder folk til å komme med konstruktive tilbakemeldinger.

2015 blir første år i ein ny driftsplanperiode og styret har revidert/utarbeidet ein ny driftsplan.

For styret i Midtre Haram Storvald
Anders Engeseth Leine, leiar